



Læringsverkstedet Maurtua A/S  
Juviknipa 1  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4668 - 14/19821

Saksbehandlar:  
Mette Marei Træland  
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:  
15.12.2014

## Ekstraordinært tilskot i 2014.

Meland kommune har i dialog med barnehagane i mai-juni 2014 fått tilbakemelding på at økonomien i dei private barnehagane generelt er svært stram, og at dei fleste i 2013 ser ut til å gå med store underskot som følgje av at endeleg utrekna tilskotsatsar for 2013 er svært låge.

Meland kommune har difor vedteke å gje eit ekstraordinært tilskot i 2014 til dei private barnehagane. Dette ekstraordinære tilskotet vil ikkje verte rekna med i berekninga av ordinært tilskot for 2013 eller 2014 etter «Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager»

Det ekstraordinære tilskotet vert sett til same sum som er avrekna som skuldning for 2013, sjå vedtaksbrev « Endeleg vedtak om tilskot til drift og kapital for 2013», og utgjør for Læringsverkstedet Maurtua A/S kr 370 397,-.

Tilskotet vert motrekning for mykje utbetalt for 2013 etter slik berekning:

Netto utbetalt for mykje i 2013 til avrekning	kr 370 397,- (skuldig til Meland kommune)
- Ekstraordinært tilskot for 2014:	kr 370 397,-
= Netto til utbetaling	kr 0

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit  
rådmann

Mette Marei Træland  
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Læringsverkstedet Maurtua A/S

Juviknipa 1

5918

FREKHAUG